



**Bjerkreim kommune**  
Oppvekstavd.

Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep.  
0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP	
12 JAN 2005	
04/ 2771-52	
Ark	013
Avd.	RA / SSA / MAG

Deres ref:  
04/2771-4 MAG

Vår ref:  
04/00750-14

Saksbeh:  
Lars Iversen, 51 45 23 00

Arkivkode:  
026

Dato:  
11.01.2005

## Melding om vedtak: Høring på Distriktskommisjonen si utgreiing (NOU 2004:19)

Viser til NOU 2004:19 *Livskraftige distrikter og regioner – rammer for en helhetlig og geografisk tilpasset politikk.*

### Bjerkreim formannskap vedtok i møte 10.01.2005 følgjande uttale:

Formannskapet i Bjerkreim vil i uttalen berre ta med moment i Distriktskommisjonen si utgreiing som ligg til den fyrste høyringsfristen 14.01.05. Uttalen må sjåast på som uavhengig av den andre uttalen som vil koma seinare i 2005.

1. Distriktskommisjonen har hatt ei brei samansetting og eit vidt mandat i sitt arbeid. Kommisjonen skulle gå gjennom både distriktpolitikken og regionalpolitikken, sjølv om namnet på kommisjonen skulle tilseia ekstra vekt på distriktpolitikken. Samstundes har Distriktskommisjonen hatt eit langsiktig perspektiv og søkt etter ein heilheitleg politikk som kan samla brei støtte. Vurdert ut i frå debatt og reaksjonar på utredninga og sett i samanheng med KS sin strategi (KOU 2004:1) kan det sjå ut som at den regionalpolitiske sida vert lagt meir merke til enn distriktpolitikken. Det kan stillast spørsmål med om dette er til fordel for små kommunar i Noreg. Formannskapet i Bjerkreim saknar òg ei betre grunngjeving for kvifor det no er nødvendig med ei ny regional styring i Noreg.
2. Distriktskommisjonen sin gjennomgang og diskusjon i kap.2 gir eit godt bilete av situasjonen og utfordringane i distrikta. Kommisjonen peikar på eit aukande sprik mellom mål og røyndom i distriktpolitikken. Ambisiøse mål om busetting i distrikta harmonerer dårleg med ei kontinuerleg sentralisering. Distriktpolitikken mister truverde, samstundes som by og land blir satt opp mot kvarandre i økonomiske prioriteringar. Distriktskommisjonen slår fast at mykje av verdiskapinga i Noreg ligg i distrikta, og at Noreg framleis har ein råvarebasert økonomi. Samstundes peiker kommisjonen på at den norske oljeøkonomien generelt har virka negativt inn på industrien sin konkurranseemne, og drøftar spørsmålet om det har blitt vanskelegare å starte ny verksemd i distrikta. Distriktskommisjonen drøftar og tendensen til at eigarskap og

rettigheitar til naturressursar flyttast ut av regionane, og at staten innfører restriksjonar på ressursutnytting og vidareforedling, til dømes er store areal blitt bandlagt gjennom vern dei siste tiåra.

Dokumentert tap av framtidig inntekt til grunneigarar og kommune på grunn av vern bør bli kompensert.

Formannskapet sluttar seg til Distriktskommisjonen si tilråding om at "Vern gjennom fornuftig bruk"(7.4.3) må leggjast til grunn som forvaltningsprinsipp i verneområdar. Hovudutfordringa for Distriktskommisjonen er å gje bidrag til ein meir heilheitleg distrikts – og regionalpolitikk.

3. Formannskapet i Bjerkreim sluttar seg til Distriktskommisjonen sin visjon for distrikts – og regionalpolitikken i Noreg:  
"Videreutvikle attraktive og livskraftige lokalsamfunn gjennom et aktivt og konkurransedyktig næringsliv og likeverdig tjenestetilbud i hele landet, med sikte på å opprettholde hovedtrekkene i bosettingsmønsteret." Likeeins sluttar Formannskapet seg til måla for distrikts – og regionalpolitikken slik det kjem til uttrykk i kapittel sju i utredninga.
4. Distriktskommisjonen peiker på fire hovudstrategiar , som kommisjonen rår til at vert lagt til grunn for distrikts – og regionalpolitikken:
  - A. Politikk for å møte endring
  - B. Vekt på den breie politikken
  - C. Desentralisering av makt til folkevalde organ
  - D. Nytt handlingssromma i "Den smale distriktpolitikken".

Formannskapet i Bjerkreim sluttar seg til dei fire hovudstrategiane , og vil framheve følgjande: Det vert viktig å dyrka fram nye og lønsame føretak, og vidareutvikla eksisterande næringsliv ved å utvikla kreativitet, entreprenørskap og kompetanse. Likeeins er det viktig å utvikla ein heilheitleg , men samstundes differensiert distrikts – og regionspolitikk.

For å motvirka svekkinga av folkestyret som Maktutgreiinga (Makt - og demokratiutredningen 1998-2003) peiker på blir det viktig med desentralisering av makt og mynde, særleg på område som har mykje å seia for lokal og regional utvikling.

5. I kapittel fire: "Hvordan utløse verdiskapingspotensialet i hele landet ?", drøftar kommisjonen mellom anna landbruket.  
Distriktskommisjonen skisserer to motstridande hovudstrategiar når det gjeld landbruket si framtid i Noreg. På den eine sida i diskusjonen står dei som ønskjer ein variert bruksstruktur som hovudstrategi. I denne strategien må satsing på distriktslandbruket framleis vera ein viktig del av norsk distriktpolitikk. Måla om busetting, kulturlandskap og matvaretryggleik er viktige moment i landbrukspolitikken. Å oppretthalda eit aktivt landbruk i alle delar av landet er i denne tenkinga eit viktig distriktpolitisk mål.  
På den andre sida i diskusjonen om framtida for norsk landbruk står dei som ønskjer strukturrasjonalisering som hovudstrategi. Landbruket blir først og fremst vurdert som ei næring på lik line med annan privat næringsverksemd, og at landbruket i større grad skal stå på egne bein.  
Berre i løpet av dei siste tre åra er overføringane til landbruket redusert med om lag 1,3 mrd. Kroner.  
Formannskapet i Bjerkreim ønskjer ein variert bruksstruktur for landbruket i Noreg. For å sikra busetnad i heile landet er det nødvendig med ei allsidig landbruksdrift. Det må vera rom både for store samdrifter og familiebruk. I det stadige jaget mot stordrift må ein ikkje gløyma at store avstandar er til hinder for samdrift i mange bygder. Skal

det berre vera interessant å driva landbruk i sentrale strøk vil det ikkje ta lang tid før mange bygder mister mange innbyggjarar.

I fjerde kapittel under elektrisk energi burde tenesta *levering av vatn* ha vore med. Levering av drikke- og produksjonsvatn til store befolkningsområde skulle ha gitt inntekter til leverande kommune på same måte som kraftproduksjon gir inntekter.

Bjerkreim formannskap er elles ikkje samd med fleirtalet i Distriktskommisjonen når det gjeld eventuelle reduksjonar i produksjonstilskotet. Landbruket i mange distriktskommunar er avgjerande for busetting og næringsliv. Me stør mindretalet sitt syn som vil at eventuell reduksjon må koma landbruk og bygdeutvikling til gode, eventuelt andre utviklingstiltak i området.

6. Ein sentral del av vurderingane til kommisjonen med utgangspunkt i den "brede distriktpolitikken" gjeld val av modell for regional styring og samordning samt oppgåvefordeling. Formannskapet vil koma attende med ein uttale på dette.

Når det gjeld vurderingar med utgangspunkt i den "smale distriktpolitikken" stør Formannskapet Distriktskommisjonen sitt syn på at distriktpolitikken framleis skal vera ein målretta innsats mot distrikta, men at distrikta må styrkast slik at dei kan ta større ansvar for eigen utvikling.

For å utvikle gode og konkurransedyktige lokalsamfunn i distrikta stør Formannskapet Distriktskommisjonen sine forslag om å styrka den næringsretta og smale distriktpolitikken ved å tilføra meir ressursar for å fremja utvikling av lønsam og framtidsretta verksemd i distrikta.

Aktuelle virkemiddel er investeringstilskott og differensiert arbeidsgjevaravgift. Virkemiddel som vert nytta i tiltakssona for Finnmark og Nord-Troms kan nyttast i andre område av landet.

For å motverke den sterke sentraliseringa meiner formannskapet i Bjerkreim at det er nødvendig å sjå på kva soner kvar enkelt kommune er i. Det må vera fornuftig å stimulera til næring i distrikta.

Med helsing  
Bjerkreim kommune

*Torunn J. Gjediem*  
for Lars Iversen  
kommunalsjef oppvekst

Sendt til:  
Kommunal- og regionaldepartementet  
Kommunenenes Sentralforbund